

Ungdomsrådet har i møte 27.04.2017 i sak 24/17 kome med innspel slik:

24/17 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Ungdomsrådet hadde ikkje fått sett seg så godt inn i denne planen, men kom med ynskjer og gode forslag. Hemsedal treng ein god dansesal som også kan brukast til gruppetrim og utleige. I ein slik dansesal er det viktig med stor spegl, godt lys, bra musikkanlegg og eit godt dansegulv. Dei vil gjerne ha ein skatepark, zipline og tennisbane i sentrum. Tennisbanen kunne til dømes vera ved innkjøringen til idrettsplassen (med høg netting). Det hadde vore eit fint tilbod til turister også. Dei ynskjer ein generell utbetring av fritidsaktivitetane. Døme på det kan vera betre tjukkas på idrettsplassen og utstyr for friidrett. Hemsedal gjer det ofte dårlegare enn resten av Hallingdal grunna lite og dårleg utstyr. Og det burde vore ein betre løpebane (nå er det ein blanding av gras, grus og asfalt).

27.04.2017

Hilde Storeskar
Sekretær ungdomsrådet